



INFORMASJONSBROSJYRE

BARNEHAGAR I VINJE 2011/2012

Ei orientering om m.a.:

- søknad om barnehageplass
- betalingsordninga
- feriar, permisjonar
- reglar for oppseiing av plass
- vedtektene



BARNEHAGETILBODET I VINJE PR. 25.03.10

(ein tek atterhald om at det kan verta endringar):

Edland barnehage	: 1-5 år - 3, 4 eller 5 d/v.
Hakkespetta barnehage	: 1-5 år - 3, 4 eller 5 d/v.
Rauland barnehage	: 1-5 år - 3, 4 eller 5 d/v.
Vinje oppvekstsenter	: 1-5 år - 3, 4 eller 5 d/v.
Øyfjell oppvekstsenter	: 1-5 år - 3, 4 eller 5 d/v.

Tilbodet er maks 9 t/d (kl. 07.30 – 16.30).

Det kan vera høve til å koma tidlegare/reise seinare, men dette må skje i samråd med den enkelte barnehage.

Barnehagane er ulike

Barnehagane er ulike både når det gjeld form, storleik, tilbod og innhald.

Ein barnehage vil kunne gje eit tilbod som ein annan barnehage ikkje kan gje fordi dei har ulike rammevilkår.

Barnehagane har ulike satsingsområde og pedagogisk innhald som går fram av årsplan/verksemdsplan for den enkelte barnehagen.

Lov om barnehagar – Rammeplan – Årsplan/verksemdsplan

Barnehagane er underlagt Lov om barnehagar av 1.1.2006 og føresegner til denne.

Barnehagar skal vera ei pedagogisk tilrettelagt verksemd.

Departementet fastset rammeplan for barnehagar som gjev retningsliner for barnehagens innhald og oppgåver.

Kvar barnehage utarbeider eigen årsplan/verksemdsplan med utgangspunkt i

Rammeplanen. Årsplanen/verksemdsplanen skal godkjennast av samarbeidsutvalet.

Foreldreråd

Kvar barnehage skal ha sitt foreldreråd.

Alle foreldra med barn i barnehagen utgjer foreldrerådet.

Samarbeidsutval

I fylgje Lov om barnehagar skal kvar barnehage ha sitt samarbeidsutval.

Samarbeidsutvalet er sett saman av likt tal (1-2) representantar frå foreldra og dei tilsette og ein representant frå eigar (kommunen) som vert politisk valt.

Vedtekter

Barnehagane i Vinje har felles vedtekter.

Vedtektene ligg ved denne informasjonsbrosjyren.

Søknad om barnehageplass

Det skal søkjast på elektronisk skjema som ein finn på heimesida til kommunen.

I § 12a heiter det:

”Barn som det blir søkt for til hovudopptaket og fyller eit år seinast innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august i samsvar med denne lova med forskrifter

Kommunen skal ha minimum eitt opptak i året. Søknadsfrist til opptaket vert fastsett av kommunen. ”

Fyller barnet 1 år etter denne tid, vert barnehageplass vurdert frå månaden etter fylte 1 år. Alle godkjente barnehagar i kommunen skal samarbeide om opptak av barn, men opptaket skjer administrativt i den enkelte barnehagen.

Dersom det vert frigjort barnehageplassar utover i året, vert det etter vurdering av barnegruppene og dei barna som står på venteliste/søkjer plass, teke opp barn etter kvart. Barn som har fått plass har denne fram til dei byrjar på skulen, eller til plassen vert sagt opp. Barnehagen skal ha skriftleg melding om ein tek i mot plassen eller ikkje.

Dei som handsamar søknadene og opplysningar om barn og foreldre, har teieplikt.

Søkjjarliste

Barn som fyller år etter 1.september, vil stå på ei søkjjarliste til dei fyller 1 år.

Endringssøknad

Dersom foreldre ynskjer endring i høve det tilbodet dei har fått (dagar pr. veke eller timar pr. dag), må det sendast skriftleg søknad om dette på eige skjema.

Skjema er å få i barnehagen eller på Tenestetorget.

Endringssøknader i løpet av barnehageåret handsamar styrar for barnehagen internt og sender melding om vedtaket til foreldra. Svar må gjevast innan 3 veker etter motteken søknad.

Endring gjeld frå 1. el. 15. i månaden.

Retten til å klage

Alle enkeltvedtak kan påklagast.

Klagefristen er 3 veker frå ein vert gjort kjent med vedtaket.

Eventuelle klager vert fyrst lagt fram for dei som handsamar opptaket (barnehagen). Dersom klagene ikkje vert tekne til fylgje her, vert dei sendt vidare til ei eiga klagenemnd for endeleg avgjerd.

Kjøp av enkeltdagar

Dette er eit tilbod som vert gjeve til barn som alt har ein barnehageplass.

Ein har søkt og fått eit fast barnehagetilbod, men treng ein ekstra dag ein sjeldan gong.

Ein søkjer barnehagen direkte.

Foreldre som arbeider turnus bør hovudsakleg få eit fast barnehagetilbod dei dagane dei treng og ikkje gå inn i ordning med kjøp av enkeltdagar.

Viss barnehageplassen ikkje vert nytta

Ein kan halde på ein barnehageplass inntil 1 månad utan å nytte han.

Ein må betale for plassen i denne tida om det ikkje ligg føre særskilte grunnar.

Plass som etter ein månad ikkje vert nytta utan at det ligg føre grunn, går attende til barnehagen og kan fordelast til andre barn.

I enkelte høve vil ein etter søknad kunne halde på barnehageplassen lenger enn ein månad og få fritak for foreldrebetaling (sjukdom eller andre tilhøve ein ikkje rår over).

Søknad om dette skal sendast til barnehagen.

Avgjerd vert teken etter ei heilskapleg vurdering.

Grunngjevingar i slike saker kan ikkje gjevast opp til andre foreldre då dei er underlagt teieplikt.

Feriar

Barnehagane i Vinje er opne heile sommaren.

Alle barn skal ha minimum 4 veker ferie i løpet av barnehageåret.

3 av desse vekene skal takast i samheng, den fjerde veka kan delast i to, men ikkje i enkeltdagar.

Barnehagen sender ut førespurnad i april der foreldra må gje tilbakemelding om når barnet deira skal ha ferie. Denne tilbakemeldinga er bindande.

Alle barnehagane er stengte 5 dagar i året i samband med kurs- og planleggingsdagar for dei tilsette.

Sjå vedtektene.

Foreldrebetaling

Foreldrebetalingssatsane er gradert etter husstanden si samla dagsaktuelle bruttoinntekt (jf. vedtektene).

Melding om bruttoinntekt med dokumentasjon skal sendast barnehagen. Frist for levering av inntektsgrunnlagsskjema er 1.mai kvart år.

Dersom det ikkje ligg føre inntektsgrunnlag eller inntekta ikkje vert dokumentert, vert det fakturert etter høgaste sats.

For å unngå feil og sein handsaming, må barnehagen få melding om endringar i høve tilbod eller inntekt. Endringane må liggje føre skriftleg.

Det vert betalt for 11 md.

Matpengar til sjølvkost. Prisen kan variere frå barnehage til barnehage.

Betalinga er på etterskot og gjeld for ein månad om gongen.

Juli er betalingsfri månad (rekning i juli er for juni månad).

Dersom ein ikkje fullt ut nyttar den tida ein har fått, må ein likevel betale for det tilbodet ein har takka ja til.

Det er høve til å søkje friplass.

Det er høve til å fakturere eit "straffegebyr" (kr. 100 pr. påbyrja time) når dei føresette gong etter gong ikkje respekterer avtalt opphaldstid/barnehagen si opningstid.

Føresette dette gjeld skal før slik fakturering skjer ha fått både munnleg og skriftleg tilbakemelding frå barnehagen om at dette er eit problem.

Sjå elles vedtektene og informasjon om betalingsssatsane.

Oppseiing av barnehageplassen

Oppseiingstida er ein måned frå 15. eller siste dag i månaden.

Oppseiing skal meldast skriftleg til barnehagen.

Ein betalar for barnehageopphaldet i oppseiingstida.

Når barnet er sjukt

Alle barnehagane har ein smittevernplan som har som målsetting å verne barna og dei tilsette, samt familie og nærmiljø mot smittestoff og infeksjonar som kan påførast under opphald og lek i barnehagen.

Dersom barnet er sjukt, skal ein melde frå til barnehagen om dette.

Er det ein smittsam sjukdom, skal barnehagen ha melding snarast råd.

Styraren i barnehagen kan nekte å ta i mot eit sjukt barn, dette av omsyn til barnet sjølv og dei andre barna i barnehagen.

Som hovudregel skal barn med feber eller akutt diaré/oppkast haldast heime.

Kontakt helsesyster eller lege for råd dersom du er i tvil.

Brukartilpassing

Vi ynskjer så langt råd er å ha eit godt og brukartilpassa barnehagetilbod.

Vi får stadig førespurnader om endringar og individuelle løysingar utover i barnehageåret.

Det er lov å spørje, men ein kan ikkje alltid rekne med å få ja!

Kvar enkelt søknad vert handsama ut i frå vurderingar i høve til det enkelte barnet, gruppesamansetjing, bemanning, stabilitet og heilskap.

Sjølv om vi i utgangspunktet ynskjer å imøtekoma foreldra på ynskja dei har, kan det hende at vi ikkje klarar å innfri dei av grunnar som er nemnt over.